



Roy Tangedal
5939 Sletta

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1263 - 20/6950

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
07.02.2020

Ferdigattest tilbygg bustad og garasje - gbnr 416/6 Mjøs

Administrativt vedtak. Saknr: 157/20

Tiltakshavar: Roy Tangedal
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg våningshus og garasje på gbnr 416/6.

Bygningene må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.11.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.01.2020.

Skildring

Adresse:	Øvre Mjøs 85
Bygningstiltak:	Tilbygg våningshus (vinterhage)
Bygningsnummer:	176113316-1
Bruksareal:	31m ²
Bygningstiltak:	Garasjeuthus
Bygningsnummer:	300658275
Bruksareal:	30m ²

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1263

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Øvre Mjøs 85

5939

SLETTA

SLETTA